



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aktuelle høringsinstansar

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		19794/2019/120	Ingunn Bekken Sjøholm	28.02.2019

Høyring av planprogram for ny regional planstrategi og ny fylkesplan for Møre og Romsdal 2020-2024

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok den 25. februar (sak U-9/19) å legge forslag til planprogram for ny regional planstrategi og fylkesplan for Møre og Romsdal 2020 – 2024 ut til høyring. Høringsfrist vart sett til 12. april.

Bakgrunn

Fylkeskommunane er i plan- og bygningslova (pbl) pålagt å utarbeide regional planstrategi ein gong kvar valperiode, og innan eitt år etter konstituering av nytt fylkesting. Dette skal vi gjere i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar i Møre og Romsdal. Regional planstrategi er eit verkøy for å ta stilling til kva regionale planoppgåver det nyvalte fylkestinget vil prioritere for å fremme ønskt utvikling i fylket. Arbeidet med regional planstrategi skal leie fram til ei avgjerd om kva planar som fylkeskommunen skal ha i fireårsperioden.

Den regionale planstrategien er fylkeskommunen sitt overordna plandokument. Planstrategien skal gi ei oversikt over dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover, kva som er fylkets langsiktige mål og kva planar fylkeskommunen skal ha for å møte desse. Planstrategien skal også vise til dei nasjonale føringane som er gitt for den regionale planlegginga og korleis desse skal takast omsyn til i Møre og Romsdal.

I 2014 kom det inn eit tillegg i pbl § 7-1, den skal no også ta stilling til langsiktige utviklingsmål. Med det har vi fått ein overlapp mellom regional planstrategi og fylkesplanen som mål- og styringsdokument. Desse styringsdokumenta vil derfor bli utarbeidd i same prosess. For å oppfylle krava som blir stilt til regionale planar, må den samla prosessen for ny regional planstrategi og rullering av fylkesplanen bygge på eit planprogram.

Kort om planprogrammet

Ifølge plan- og bygningsloven skal planprogrammet gjere greie for:

- ✓ Formål med planarbeidet
- ✓ Planprosess med fristar og deltakarar
- ✓ Opplegg for medverknad
- ✓ Behov for utgreiingar

I utkastet til planprogram for ny regional planstrategi og ny fylkesplan for Møre og Romsdal 2020-2024 går det fram kva som er formålet med regional planlegging, korleis plansystemet vårt er bygd opp og kva planar vi har per februar 2019.

Planprogrammet har eit kapittel om rammene som påverkar regional planlegging – både internasjonale, nasjonale og regionale. Vi informerer vidare om kunnskapsgrunnlag som vil bli nytta

og kva tema som vil inngå i dokumentet «Utviklingstrekk for Møre og Romsdal». Det blir orientert om framdrift og milepelar i planprosessen og korleis vi har lagt opp høvet til medverking.

Grov framdriftsplan er:

- 27. februar til 12. april 2019: Høyringsperiode planprogram
- 3. juni 2019: Fylkesutvalet vedtek oppstartmelding/planprogram
- 17. juni 2019: Kunnskapsgrunnlag lagt fram for fylkestinget
- 25. november 2019: Utkast RPS blir behandla av fylkesutvalet
- 26. november 2019 til 7. februar 2020: Høyringsperiode
- April 2020: Vedtak RPS i fylkestinget
- Juni 2020: Vedtak fylkesplan i fylkestinget

Høyring av planprogrammet er første milepæl i arbeidet fram mot ny regional planstrategi og fylkesplan. Høyringa skal sikre at myndigheiter og interesser som dette får følgjer for, får oversikt over aktuelle problemstillingar og korleis forslaget påverkar eigne interesser. Målet er å gi høve til tidleg medverknad, god informasjon og dialog, og ein føreseieleg prosess for alle involverte.

Planprogrammet finn de på www.mrfylke.no/rps

Spørsmål vi ønskjer avklaring på i høyringsrunden

Vi ønskjer at den enkelte høyringspart i sin uttale m.a. tek stilling til følgjande spørsmål:

1. Har de forslag til ytterligare tema som bør utgreiast?
2. Er det internasjonale, nasjonale eller regionale føringar og rammer som fylkeskommunen må ta omsyn til i sitt planarbeid?
3. Støttar de forslag til framdrift og organisering av planarbeidet, har de ev. innspel til endringar av planprosessen?

Høyringsuttale kan sendast til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Send gjerne høyringsuttalen via vår nettside www.mrfylke.no/medverknad. Her kan de også laste opp ev. vedlegg.

Kontaktpersonar i samband med høyringa er:

- Ole Helge Haugen, fylkesplansjef. E-post: ole.helge.haugen@mrfylke.no, tlf. 71 28 02 44
- Ingunn Bekken Sjøholm, ass.fylkesplansjef. E-post: ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no , tlf. 71 28 02 46

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Vedlegg:

Utkast til planprogram for ny regional planstrategi og fylkesplan for Møre og Romsdal 2020-2024